

MUSIKK/KULTUR GJENNOM TIDENE!

Den kristne kulturen: Sen middelalder- DANTE

Utdrag fra hans store berømte verk: DEN GUDDOMMELEGE KOMEDIEN

PARADISET

Song 2

MÅNEHIMMELEN OG MÅNEFLEKKENE

Å, de som følger den vesle båten
mi skute, lydande som best de kan
der fram ho skrid med song på skaldemåten:

med Beatrice og Dante

legg kosen heim til dykkar eiga strand!
Set ikkje ut på djupet! For kan hende,
om eg kom bort, de aldri veggen fann.

Det hav eg skjer, har ingen siglt til ende.
Minerva blæs, Appollon står ved ror,
ni muser lét meg leiestjerna kjenne.

De andre få, som tidleg på vår jord
lét hugen tøyast etter englebrødet
som lét oss gå med svolt frå mettnads bord:

kunnskapen om Gud

legg ut på ville hav med skute støe,
sigl i mitt kjølvass-far den høge båra,
før det blir jamna ut av havsens fløde!

.....

Den himmeltørst som brenn i mannsens blod
lyfte oss bae opp frå jordheims lende
så snøgt som kvelven krinsar i si glo.

Dit opp såg Beatrice, og eg mot henne,
og i ein blunk, så snøgt som visshøv hand
kan ifrå streng til skive pilen sende,
framkomen stod eg på ei unders strand
og bisna på kva all ting kunne vera.

Og ho, som les minn hug til minste grann,
Stod glad og vén og vitra meg om ferda:

”Vend deg til Gud med takk! I nådens time
han lét oss opp til første stjerna bera!”

*Beatrice.
månen*

.....

Vårt vit på jorda kan slett ikkje tåle
den tanken at eit ålfylt rom kan røme
i seg enno ein kropp, i same målet.

Er eg ein kropp, di meir det då bør søme
seg at eg lengtar mot å skoda Han
som einte Gud og mann til ævleg dømme.

Kristus

Det her vi trur, det grip vi der med hand.

Det provast ikkje, berre må så vera,
lik tankens grunnar, klåre for kvar mann.

”Mi frue, av mitt hjarta må eg bera
mi takk, ”sa eg, ”åt Han som nådig mild
har lyft meg frå den døyelige verda!

Men svar meg no, korleis dei vel kom til,
Dei flekker som blir kalla ned –på jorda

’Kain i månen, slik som somme vil.”

Song 11

I song 3-10 stig Dante opp gjennom Merkur- og Venushimlane, førd av Beatrice. Her møter augo hans allstøtt fleire av de sæle åndene, ”talrike som fiskestimar i ein damm”.

SOLHIMMELEN, DEN HEILAGE FRANS

Å slekt som ævleg etter dårskap tanar!
Kor er den tankekunsten falsk og fin
som dreg dykk ned kvar gong de vengen spanar!
Ein dyrka jus, ein annan medisin,
ein sat i feite kall, ein vann seg rike
med vald og våpenmakt og skrømt og skin,
ein styrde og ein plyndra sine like,
ein øydde bort si kraft i kjøtleg fagnad,
ein låg, og lata seg som svin i dike,
då eg, forløyst frå mannsens låke lagnad,
med Beatrice inn i himlen trod,
og æveljoset kring oss baae dagna!

Då åndeskreaia kringa seg til ro,
kvar ånd var komen til sin stad attende
og logn som ljøs i staken atter stod.
Og frå det ljøs som først seg gav til kjenne,
det klang ei røyst, liksom med smil på munn,
og endå meire bjart eg såg det brenne:
”Guds ljøs skin att i meg kvar tid og stund.
Dit inn eg stirer, der eg alt kan tyde
og les din tanke til hans inste grunn.
Du ber på tvil. Du ville gjerne lyde,
om meir eg tolka det som nyst eg song,
og greidde ut med klåre ord og nye
at ’vis som han var ingen nokon gong’,
og ’gilde beite’, og kva meir eg melde.
Her trengs set klårsyn. Her er vegen trong.

Thomas Aquinas:

i tiande songen av Paradiset

Gud styrer verda med sin visdoms velde.
Vårt blinde auga aldri vegen fann
til grunnen der hans tanke har sitt helde.
Gud ville at den dyre brur som Han
med høge rop på krossen tekest binde
til seg, då signa blodet for oss rann,
fekk trygt og truge kjærleiksvegen finne.
Til følgjesmenn han valde fyrstar to,
som skulle einast henne ha i minne.
Den eina loga i serafisk glo.
Hin laut all jorda i sin visdom råde,
kjerubisk klåre kring hans skapnad stod.
Eg syng om ein, men røynleg om dei baae.
Lov om den eine åt den andre fell:

kyrkja

Franciscus og Domenicus

Frans frå Assisi

Til sama mål stod deira trått og tråe.

Song 14

SOLHIMMELEN. SALOMO.

MARSHIMMELEN

.....

Som når ein dansarflokk blir ør av gaman
og frygd og fotslag aukar på i takt
og alle syng med veldig mål i saman,
slik helgakrinsan´ no i fagnads makt,
i vene kringsviv og med unders kvede,
takke for fromme ordet som var sagt.
Dei som må gråte for sin død her nede
har ikkje sett i nye livet *der*
kor æva kveikjer med sin regn av glede.
Han som er Ein, To, Tre, som alltid er,
og skal som Tre, To, Ein i æva råde,
som romlaus sjølv, kan røme all vår verd,
for Honom trefelt lovsong var dei bode
av alle ånder, med så ljuv ein lund
at vel det kunne lønt den høgste tråe.

.....

For midt i krossen stråla sjølve Kristus,
og likna *det* med noko, maktar ingne.
Men densom tek sin kross og følgejer Kristus,
vil ikkej laste det *eg* ikkje kan,
når sjølv i lynglans han har skoda Kristus.
Frå arm til arm i krossen logar brann.

Song 15

CACCIACUIDA. DET GAMLE FIRENZE

Vond vilje skjemmer all ting i sin nærleik,
for han er fødd av urein brann i blodet.
Men i god vilje andar Himlens kjærleik.
Den baud no alle klangar søtt seg roe,
dei helga strenger Himlenhar i hende
mektig grep, i stilla som i ljodet.
Brått tagna åndene, og blidt seg vende
mot meg, og liksom gav meg mod å be.
Visst inga rettvis bøn dei frå seg sende!
Vel må i ævleg ank den søkkjast ned
som skjer seg av frå denne kjærleik milde
av elsk til slikt som *ikkje* varer ved!

Song 23

FIKSSTJERNEHIMMELEN.

KRISTI OG MARIAS TRIUMF

.....

Og Beatrice sa: "Sjå flokken skara
til Kristi sigersferd! Så rik ei grøde
av sfæresvivet har sin Herre svara!"
All hennar åsyn liksom tyktest gløde,
og ut or augo slik ei sæle skein
at skildre det for meg er fåfengd møde.

Beatrice:

.....
"Kvi skulle frygda ved *mi* åsyn nekte
deg gleda ved å sjå dei blommar mange
som Kristi strålar fram til bløming vekte?
Der logar rosa, som i helga fanget
bar Guddomsord. Der voggar liljer blidt,
som synte gode vegen med sin ange."

Maria

Apostlane

.....
Slik såg eg sjelehopar strøyme på
og bjart i geisleflaum frå himlen skine,
men duld var kjelda ljuset kom ifrå.

.....
Men mest på fagre rosa no eg tenkte,
som kveld og morgon er bøn meg nær
og mellom alle eldar skirast blenkte.

Maria

Og snautt fekk augo mine, kvart især,
synt meg kor overveldig denne loge
brann her i himlen som i mannsens verd,
då brått bort over kvelven frå det håge
ein kyndelforma lik ein ring av eld
sveiv ned ikring ho i en heilag boge.
All ljod som ljuvt frå våre strenger vell
og med si tryllekraft vil hugen dåre,
blir som or brosten sky ein toreskrell
mot denne lyra med si tonebåre,
som krona her safiren stjerneblå,
den som gjev kvelven sjølv safirens klåre!

.....
Slik stod dei no, og fagert song til ende
"Du himlens dronning" i så søtt eit kor
at gleda enn er like ljuv å kjenne.

Mariahymnen

.....
Den skatt som no dei nyt i sæleverda
dei vann i Babylon med utlegds tåre
der andre hausta gullet då, og æra.
Han som herlegdomens nøklar bore,
no djupt han fagnar på sin sigers dag
Guds og Marias son i himlens klåre
og bae paktens heilagmenn i lag.

*dei løyste sjelene
i "fngenskapen" på jorda*

apostelen Peter

